

- Du veit ikkje korleis utfallet vil bli!

Publisert: 26.03.2007 av [Ida Habbestad](#)

<http://www.ballade.no/nmi.nsf/doc/art2007032615431374632181>

10.-13. mars vart "Open form"-festivalen arrangert, og i det høvet deltok ein av pionerane på feltet, Christian Wolff. I dette intervjuet fortel han om New York-skulen, og om sitt syn på komposisjon og utøvarpraksis. - Eg meiner det gjeld generelt for all musikk: ein høyrer når framføringa held mål, seier Wolff. - Ei god framføring er den same uansett sjanger; den inneheld vitalitet og energi – det vanlege. Når det er sagt, trur eg nok det særleg innafor denne forma gjennomførest ein del verkeleg dårlege framføringar!

Av Ida Habbestad

Komposisjonsprinsippet open form sto i fokus under den nye festivalen "Open Form: A Paradigm of the Arts", som fann stad tidlegare denne månaden.

Den opne forma utvikla seg mellom komponistane som var tilknytte New York-skulen på 50-talet, og i høvet festivalen, inviterte festivalsjef Else Olsen S den siste attlevande av desse, Christian Wolff, til å delta. Gjennom helga heldt Wolff meisterklasser, han fulgte øvingsprosessar, var tilstade ved konsertar og deltok til sist under seminaret om open form på Nasjonalbiblioteket.

I det høvet vart det òg tid for Ballade til eit møte med komponisten – i ein samtale som gjekk om lag som følgjer:

Mynt og krone

I eit intervju tidlegare i dag freista du gje eit grunnriss av kva som kjenneteiknar komposisjonsprinsippet. Kva er open form?

- Du veit, eg plar unngå å gje nokon klar definisjon av omgrepet, svarer Wolff. - Ei generell omtale vil ikkje dekkja heile innhaldet i omgrepet, og eg ynskjer ikkje å stenga ute eventuelle ting det kan ha i seg. Om eg likevel skal seia noko generelt, må det vera at det med den opne forma vert lagt stor vekt på utøvaren; *utøvinga* blir nærast like viktig som verket. Og ein sjølv sagt og sentral tankegang i open form liknar det å kasta mynt og krone – du veit ikkje korleis utfallet vil bli.


Men du meiner likevel det skiljer seg klårt frå improvisasjonsmusikk?

- Ja, det er ikkje rein improvisasjon. Utøvaren forhold seg til eit partitur, der det finst ein del klåre retningslinjer som seier noko om kva som skal skje, og som utelukkar andre ting frå å finna stad. Som eg nemnde under seminaret tidlegare i dag, er dette med improvisasjon eit større tema – også dét er vanskeleg å definera. Eg vil til dømes hevda at det eksisterer ein viss grad av improvisasjon også hjå dei utøvarane som forhold seg til eksakte partitur. Den som spelar ein Beethoven-sonate veit jo ikkje nøyaktig kva som vil bli utfallet før han går på scena – det vil alltid oppstå noko han ikkje hadde venta seg!

New York-skulen ved tilfelle

Du tilhøyrer det me kallar New York-skulen, eit komposisjonsmiljø som utvikla seg på 1950-og 60-talet. Open form-festivalen hevdar til og med at open form er kjerna i den musikalske revolusjonen de sto for. Korleis fann de saman i 50-åra?

- Det var jo for såvidt ingen skule, seier Wolff. - Me var tre vener, rett og slett. Cage var den eldste, han var i byrjinga av 30-åra på den tida. Så var det Morton Feldman som var kring 25 år. Det var dei som først møttes. Så, nokre få månader etter, møtte eg Cage. Eg var seksten år på den tida. Så utvida det seg; Earle Brown kom, og David Tudor som vart ein viktig medspelar, og dansaren Merce Cunningham. Cage var den mest erfarne av oss, så han organiserte konsertar, me inviterte utøvarar – og så var det berre i gong, utan at eg heilt kan stadfesta når



de

re

ir
let

i
en

iljø
nar

i

Får

i eg
erte
de

n
ofte

im

at

ir
en. I
å
e
det
det

er
ein

t

ite

ten

så
re

rsitet
av å
ga
okon

itt.
veta

mt
at når
g av

n
rst då